

Pressemelding

Polaris Media blir majoritetseigar i Hallingdølen

Polaris Media ASA har inngått avtale om kjøp av 55 prosent av aksjane i Hallingdølen AS. Dagens eigarar vil ha hand om dei resterande aksjane.

Familieeigd selskap

Hallingdølen har ei lang historie som eit lokalt og familieeigd selskap. Avisa vart etablert i 1936, men kjøpt opp av åtte kameratar frå Ål og Hol i 1945/46. Dei nye eigarane såg behovet for ei sterkt lokalavis for Hallingdal. Luteigarlaget vart etter nokre år utvida til ti personar og seinare gjort om til aksjeselskap. Dagens 47 aksjonærar er i all hovudsak etterkomrarar etter dei ti gründarane. Fleire av desse er med vidare på eigarsida i Hallingdølen.

Avgjerande vegval

- Hallingdølen har tatt eit avgjerande vegval. Dette er den viktigaste dagen i Hallingdølens historie sidan kjøpet i 1945/46, seier styreleiar Lars Tormodsgard i Hallingdølen som legg til;
- Uavhengigkeit, lokalt eigarskap og sterkt lokal forankring har vore viktig for Hallingdølen. Men situasjonen i mediebransjen har dei siste åra endra seg radikalt. Både med omsyn til annonsemarknad, teknologi, digital utvikling og samling av eigarskap. Å stå aleine i dette landskapet er, og ville bli krevjande for Hallingdølen. Styret såg behovet for å knyte seg til ein større medieaktør. Fleire alternativ er blitt vurdert. Valet fall på Polaris Media. Eit val styret og aksjonærane i Hallingdølen er godt nøgde med, understrekar Tormodsgard.

Godt fornøgd

Konsernsjef Per Axel Koch i Polaris Media er glad for å få Hallingdølen med på laget.

- Me gler oss til å få Hallingdølen inn i vårt konsern. Saman med dyktige tilsette vil me kunne utvikle mediehuset for framtida. Hallingdølen har ei stolt historie og har lukkast svært godt som eit uavhengig mediehus. Avisa er kjent for journalistikk og lesaropplevingar av høg kvalitet, noko mengda av medieprisar og prisnominasjonar er eit tydeleg prov på. Hallingdølen er eit velfungerande og godt selskap med gode økonomiske resultat over fleire år. Me har hatt eit godt samarbeid med Hallingdølen i mange år, og me opplever å ha samanfallande tankar om måten å utvikle mediehus på. Me er difor svært nøgde med at dei ynskjer å bli del av konsernet, og at me dermed kan jobbe endå tettare saman i framtida, understrekar Koch.

Sterk posisjon

Hallingdølen har ein sterkt posisjon blant norske lokalaviser. Avisa er fire gonger blitt kåra til Årets lokalavis og to gonger til Årets europeiske lokalavis. Hallingdølen har også vunne ei rekke nasjonale, nordiske og europeiske design- og journalistprisar. Dessutan var Hallingdølen fyrst ute i Norge og Norden (2011) med innføring av betalingsmur på nett. Dette vekte oppsikt nasjonalt og internasjonalt, og sette for alvor Hallingdølen på mediekartet.

Opplagsvekst

Hallingdølen har i fleire år hatt opplagsvekst. Opplaget er i dag 11.508 og avisas hadde i 2023 ein årsomsetnad på 48 millionar kroner. Avisa dekker alle seks kommunane i Hallingdal, i tillegg til Nore og Uvdal. Avishuset har 35 tilsette, med hovudkontor i Ål. Dei siste åra har den digitale veksten vore høg, omrent 50 prosent av abonnentane er no heildigitale. Papiravisa kjem ut tre

gonger i veka. I tillegg gir Hallingdølen ut magasinet Gløtt, har to eigne podkastar og tek på seg produksjonar av reklamemateriell og bøker.

Langt steg

- Hallingdølen har gjennom fleire år samarbeidd med Polaris Media. Dette har vore knytt til teknologiske løysingar og tenester, seier Tormodsgard.
- Etter ein grundig prosess kom me til at tida no var inne for å ta steget vidare. Å sleppe til eit konsern på eigarsida er eit langt steg. Men lokal kompetanse, kombinert med støtte frå eit større konsern vil gjere Hallingdølen betre rusta for framtida. Det gjeld for det redaksjonelle produktet, men også som annonseorgan for våre kundar, understrekar Tormodsgard.

Positivt motteken

Også dei tilsette i Hallingdølen er positive til endringane i eigarskapet.

- Hallingdølen blir no del av eit større fellesskap. Me treng eit godt og sterkt fagmiljø for å kunne halde følgje med den rivande teknologiske utviklinga. Dette vil gjere produktet vårt endå betre, og dei tilsette vil få høve til å utvikle ny kompetanse. Samstundes er det svært viktig for oss å halde på identiteten vår og det som er sjølve sjela til Hallingdølen, seier administrerande direktør i Hallingdølen, Ola Stave, og ansvarleg redaktør Lillian Holden.

Polaris Media

Polaris Media er eit av Skandinavias leiande mediehuskonsern. Polaris Media eig i dag 77 mediehus, deriblant fleire av Norges og Sveriges leiande lokale og regionale mediehus som Adresseavisen, Fædrelandsvennen, Sunnmørsposten og Göteborgs-Posten. I tillegg inngår fleire trykkeri og distribusjonsselskap i konsernet. Polaris Media har vakse betydeleg dei seinare åra, med ein auke i omsetnaden frå 1,5 mrd. NOK i 2018 til 3,6 mrd. NOK i 2023. Konsernet har i dag 628.000 abonnentar, av dette er om lag 67 prosent digitale.

Meir informasjon på www.polarismedia.no

Kontaktpersonar

Hallingdølen

Styreleiar Lars Tormodsgard, (mobil 48016563)

Polaris Media

Konsernsjef Per Axel Koch, (mobil 48120000)

Vedlagt foto: Adm. dir. Ola Stave og ansvarlig redaktør Lillian Holden i Hallingdølen. Foto: Ragnar Hilde

